

# Møteprotokoll

**Utval:** **Følgefonna nasjonalparkstyre**  
**Møtestad:** Folgefonnsenteret, Folgefonnsenteret - Rosendal  
**Dato:** 12.09.2019  
**Tidspunkt:** 09:30

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jon Larsgard	Leiar	Jondal kommune
Siri Klokkestuen	Nestleder	Etna kommune
Leif Sverre Enes	Medlem	Kvinnherad kommune
Solfrid Borge	Medlem	Ullensvang kommune
Benthe Bondhus	Medlem	Hordaland fylkeskommune

## Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Rold Aga Haug	Medlem	Odda kommune

## Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

## Merknader

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Jostein Klette	Forvaltar

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Jon Larsgard – Styreleiar

Solfrid Borge

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 41/19	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 42/19	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 43/19	Framlegg til klagesak - Folgefonna nasjonalpark - Søknad - Bygge opp att Olaselet på Fønderdalsstølen - Folgefonna nasjonalparkstyre		2019/3072
ST 44/19	Framlegg - Søknadar om økonomisk støtte til prosjekt - Folgefonna nasjonalparkstyre 2019		2019/4171
ST 45/19	Utkast til besøksstrategi til fagleg godkjenning i Miljødirektoratet - Folgefonna nasjonalparkstyre 2019		2019/4171
ST 46/19	Vurdering av oppfølging - Bruk av drone utan løyve - Folgefonna nasjonalpark		2019/17116
ST 47/19	Bygging av bru over Pyttelva - Bondhusdalen landskapsvernområde		2019/12007
ST 50/19	Høring av nasjonal ramme for vindkraft – Folgefonna nasjonalparkstyre		2019/17267
ST 48/19	Referatsaker		
RS 11/19	Avklaring om bruk av dronar i verneområde - Miljødirektoratet - Folgefonna nasjonalparkstyre 2019		2019/4171
RS 12/19	Orientering - Folgefonna Nasjonalpark - Definisjon av Forsvarets operative virksomhet i verneområdene		2019/8843
RS 13/19	Referatsak - Bygging av Svoldal kraftverk i Kvinnherad kommune - Fatland Kraft AS		2019/16634
RS 14/19	Ikkje gjennomført tiltak - Oppføring av stølshus/hytte Raunsdalen		2019/17018
RS 15/19	Referatsak - Melding om avslag til Likestillings- og diskrimineringsombodet - Motorferdsel Bondhusdalen landskapsvernområdet		2019/16232
ST 49/19	Delegerte saker		
DS 29/19	Delegert vedtak - Landing med helikopter i Raunsdalen - Folgefonna nasjonalpark		2019/10362
DS 30/19	Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark -		2019/13553

	bruk av drone til filming av kunstprosjekt - Torstein Lund Eik	
DS 31/19	Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - motorferdsel - helikopter - Sandvinsstølen - Vierdal - Einar Riise	2019/13145
DS 32/19	Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalparkstyre - Buer landskapsvernområde - Helikoptertransport i samband med sau i skårfeste	2019/14766
DS 33/19	Løyve 2019 - Folgefonna Nasjonalpark - Etne - Helikoptertransport av felt hjort - Sandvikedalen - Mosdalen og Hjortedalen	2018/1083
DS 34/19	Delegert vedtak - Filming med drone på Hanakamb - Folgefonna nasjonalpark	2019/10363
DS 35/19	Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - Landing med helikopter ved Hersetenuten, Ridbjørg og Reinanuten 8-14 sept 2019	2019/12585
DS 36/19	Delegert vedtak - Løyve til motorisert ferdse med helikopter i samband med arbeid på stølshus i Vierdal - Folgefonna nasjonalpark	2019/15085
DS 37/19	Delegert vedtak - Løyve til motorferdsel til henting av sau i skorfeste - Folgefonna nasjonalpark	2019/16650
DS 38/19	Delegert vedtak - Løyve til motorferdsel for uttransport av felt storvilt - Folgefonna nasjonalpark	2019/17050
DS 39/19	Avgjerd i AU i Folgefonna nasjonalparkstyre - Motorisert ferdse i Bondhusdalen landskapsvernområde	2019/16232

## **ST 41/19 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

### **Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 12.09.2019**

Styreleiar informerte om at det var to saker som ikkje var på sakslista men som låg i saksdokumenta og som ved ein feil ikkje var komen inn i sakslista.

#### **Vedtak**

Innkalling og dagsorden med 2 nye saker, henholdsvis sak ST 50/19 og RS 15/19, vert godkjend.

## **ST 42/19 Val av styremedlem til å skrive under protokollen**

### **Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 12.09.2019**

#### **Vedtak**

Solfrid Borge vart valgt til å skrive under protokoll saman med styreleiar. Protokollen vert elektronisk godkjend.

## **ST 43/19 Framlegg til klagesak - Folgefonna nasjonalpark - Søknad - Bygge opp att Olaselet på Fønderdalsstølen - Folgefonna nasjonalparkstyre**

### **Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 12.09.2019**

Bente Bondhus vart kjend ugild i høve til forvaltningslova § 6 b) og var ikkje del av handsaminga. Leif Sverre Enes ba om vurdering av sin habilitet, og styret avgjorde at han i høve til forvaltningslova § 6 var gild i saka.

Det vart i møte peika på at det har store utslag om ein har husdyr eller ikkje. Dersom søker hadde sau på søknadstidpunktet ville det bli gjeve løyve etter verneforskrifta. Siden søker ikkje har husdyr på søknadstidpunktet så må saka vurderast som ein dispensasjon etter Naturmangfaldlova NML § 48. Oppføring/oppattbygging av sel/stølshus vil vera tufta på garden sine ressursar og kunne gje ein bruk av området som ivaretar landskapet og hindrar attgroing. Selet/stølhuset kan nyttast til hjortejakt og til dei som evt leigar beite av søker. Selet vil byggast opp at som eit enkelt bygg på dei gamle murane, med kledning i ubehandla tre og taket skal vera i tre. Det vil stå tett inntil 3 andre sel på området, og vil difor ikkje ha noko negativ effekt på landskap. Fylkeskonservatoren ser positivt på planane og har ingen merknad når det gjeld kulturminner. I høve til presedens (Naturmangfaldlova § 10) så er dette ein stølsvoll der omsøkte tiltak vil verta det fjerde bygget, og alle bygga står tett samla. Dette vil gje ein presedens kun i områder som har like tilhøve, og det gjer ein svært avgrensa presedensverknad. Oppattbygging av selet vil ikkje stri mot vernevedtakets føremål eller svekke verneverdiane i området, og det kan difor opnast for ein dispensasjon etter NML § 48.

#### **Vedtak**

1. Nasjonalparkstyret sitt vedtak ST 4/19 vert oppheva.
2. Det vert gjeve løyve til oppføring av sel/stølshus som skildra i søknad datert 29.01.19 og skisse datert 30.01.19. Dei ytre måla på tiltaket skal ikkje gå ut over eksisterande grunnmur. Løyve gjeld kun oppføring av bygg og det må sendast separat søknad om løyve til motorferdsel. Løyve gjeld berre i høve til verneforskrifta og løyve etter andre lovverk, som til dømes plan- og bygningslova, må avklarast med Kvinnherad kommune.

## **ST 44/19 Framlegg - Søknadar om økonomisk støtte til prosjekt - Folgefonna nasjonalparkstyre 2019**

### **Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 12.09.2019**

Det var samrøystes vedtak om å løyve 150.000,- Odda/Ullensvang turlag. Det vart ikkje løyvd støtte til Bergen Turlag og utviding av Fonnabu.

#### **Vedtak**

Det vert løyvd 150.000,- til Odda/Ullensvang turlag og arbeidet med vøling av ridestien Tokheimslia.

## **ST 45/19 Utkast til besøksstrategi til fagleg godkjenning i Miljødirektoratet - Folgefonna nasjonalparkstyre 2019**

### **Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 12.09.2019**

Samrøystes som innstilling.

#### **Vedtak**

Folgefonna nasjonalparkstyre sender utkast til besøksstrategi til fagleg godkjenning hos Miljødirektoratet før høyring av strategien.

## **ST 46/19 Vurdering av oppfølging - Bruk av drone utan løyve - Folgefonna nasjonalpark**

### **Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 12.09.2019**

Det vart peika på at det bør setjast inn tiltak knytt til informasjon om regelverket i verneområde som gjeld bruk av drone. Det var samrøystes vedtatt å gå for alt. 1 og ta ut siste del av setninga «*og får ei muntleg åtvaring*».

#### **Vedtak**

Tiltakshaver vert informert om brot på verneforskrifta.

## **ST 47/19 Bygging av bru over Pyttelva - Bondhusdalen landskapsvernområde**

### **Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 12.09.2019**

Samrøystes vedtatt som innstilling.

## Vedtak

Statkraft får med dette løyve etter verneforskrifta for Bondhusdalen landskapsvernområde § 3, 1.3 f) til å bygge bru over Pyttelva og naudsynt motorferdsel i samband med tiltaket, jf. § 3, 5.3 f). For løyve gjeld følgjande vilkår:

- Brua skal oppførast i metall og trevirke. Fundament kan vera betong og liknande.
- Lokalisering og størrelse skal vera som skissert i epost datert 29.05.2019.
- Løyve for motorferdsel gjeld for inntil 10 turar i perioden 02.09.2019 til 01.09.2020. Transport skal skje utanom helg og helligdagar.
- Løyvet gjeld ikkje persontransport.
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Olaf Bratland varslast, anten på e-post [olaf.bratland@miljodir.no](mailto:olaf.bratland@miljodir.no) eller på telefon **970 23 013**
- Det skal førast køyrebok årleg som viser dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyreboka før transporten begynner. Køyrebok for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre **innan 31.desember**. Send gjerne på e-post til: [fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no)

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Kvinnherad kommune om dette.

## **ST 50/19 Høyring av nasjonal ramme for vindkraft - Folgefonna nasjonalparkstyre**

### **Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 12.09.2019**

Styret vedtok samrøystes å kome med ein uttale til nasjonal ramme for vindkraft. Styret vurderte at området som ligg inne i nasjonal ramme for vindkraft vil svekke verneverdiane og vil difor gje uttale til planen.

## Vedtak

Nasjonalparkstyret vurderer at ei vindkraftutbygging i området Åkraffjorden – Blådalen – Fjellhaugen i Etne og Kvinnherad kommune, vil ha ein sær negativ visuell verknad på landskap og friluftsliv i Folgefonna nasjonalpark, og svekke dei nasjonale verdiane i verneområdet. Folgefonna nasjonalparkstyre ber om at områda som ligg i randsona til Folgefonna nasjonalpark vert tatt ut av nasjonal ramme for vindkraft.

## **ST 48/19 Referatsaker**

### **Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 12.09.2019**

Det kom spørsmål om lokalisering av Svoldal kraftverk. Forvaltar viste kartskisse og gav ei kort vurdering av kvifor ikkje dette råka verneverdiane i Folgefonna nasjonalpark. Det var ingen kommentar ut over det til denne saka.

**Vedtak**

Tatt til vitande.

**RS 11/19 Avklaring om bruk av dronar i verneområde - Miljødirektoratet - Folgefonna nasjonalparkstyre 2019**

**RS 12/19 Orientering - Folgefonna Nasjonalpark - Definisjon av Forsvarets operative virksomhet i verneområdene**

**RS 13/19 Referatsak - Bygging av Svoldal kraftverk i Kvinnherad kommune - Fatland Kraft AS**

**RS 14/19 Ikkje gjennomført tiltak - Oppføring av stølshus/hytte Raunsdalen**

**RS 15/19 Referatsak - Melding om avslag til Likestillings- og diskrimineringsombudet - Motorferdsel Bondhusdalen landskapsvernområdet**

**ST 49/19 Delegerte saker**

**Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 12.09.2019**

**Vedtak**

Ingen merknad.

**DS 29/19 Delegert vedtak - Landing med helikopter i Raunsdalen - Folgefonna nasjonalpark**

**DS 30/19 Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - bruk av drone til filming av kunstprosjekt - Torstein Lund Eik**

**DS 31/19 Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - motorferdsel - helikopter - Sandvinsstølen - Vierdal - Einar Riise**

**DS 32/19 Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalparkstyre - Buer landskapsvernområde - Helikoptertransport i samband med sau i skårfeste**

**DS 33/19 Løyve 2019 - Folgefonna Nasjonalpark - Etne - Helikoptertransport av felt hjort - Sandvikedalen - Mosdalen og Hjortedalen**

**DS 34/19 Delegert vedtak - Filming med drone på Hanakamb - Folgefonna nasjonalpark**

**DS 35/19 Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - Landing med helikopter ved Hersetenuten, Ridbjørg og Reinanuten 8-14 sept 2019**

**DS 36/19 Delegert vedtak - Løyve til motorisert ferdsel med helikopter i samband med arbeid på stølshus i Vierdal - Folgefonna nasjonalpark**

**DS 37/19 Delegert vedtak - Løyve til motorferdsel til henting av sau i skorfeste - Folgefonna nasjonalpark**

**DS 38/19 Delegert vedtak - Løyve til motorferdsel for uttransport av felt storvilt - Folgefonna nasjonalpark**

**DS 39/19 Avgjerd i AU i Folgefonna nasjonalparkstyre - Motorisert ferdsel i Bondhusdalen landskapsvernområde**